

Snota fra Svarthamrene

Ragnv. C. Knudsen

over harde snøfonner, og gamle Ynnbør gjekk først med lette steg.

Så stod vi i skaret, og eit nytt utsyn opna seg for augo. Her fall lendet i sterk halling ned mot ei bratt brun og eit djupt dalføre, men bortafor li og dal steig fjell til vers. I aust skar ei snyte seg opp mot blå himmel, tverrbratt på sørsida, men nordetter flatna fjellet, skaut rygg og sto der i tung og veldig ro. Toppen var snau- blesen og nedetter dei grå fjellsideane låg snøen i flekker og grimer. Synet av denne fjelltoppen heldt meg fast. Denne grå og grunn- sterke nakken, som lyfte seg høgt over myrland og botnar, over dalar og flatfjell — var ein ikkje ferdig med så fort.

— Snota, sa Ynnbør og laga seg til å gå.

Snota var ikkje den einaste himmelstormaren i denne fjellheimen. Til høgre og venstre for henne stakk toppar til vers, tøygde seg i dristige spenn mot blå luft, men ingen av dei andre nådde så høgt som Snota. Ho var dronninga i Trollheimen med krona høgt

boren og med blåkvit snøkåpe i rikt fald nedetter aksler og fang. Men korleis såg det ut i dalen under oss? Lia fall så bratt til dals at eg måtte gå nærare bruna, skulle eg sjå heilt ned.

— Pass deg! sa Ynnbør og kom etter.

Men eg hadde ikkje vett til å vera redd. Og som eg stod der og såg mot det flogbratte stupet, kom eg ihug eit lite dikt frå lese- boka. Det fortalte om to småbarn, som leika frampå eit høgt og bratt stup over ein djup fjord, og to englar kom og slo eit vern av kvite venger langs stupet. Og her stod vi — tett oppunder skyer og himmel, og her var det sikkert englar som heldt vakt. Ja, skulle det vera englar noko stad, så måtte det vera her i skaret over Strandkå-botnen.

Så gjekk eg frampå bruna og såg ned. Lia stod bratt som ein vegg med gråe hamrar og svarte, glinsande sva, og djupt nede såg eg ein trong dal med elv og skog, med lange myrar og bratte graslier.

— Romådalen, sa Ynnbør, og dermed snudde ho og gjekk.

— — —  
Sidan kom eg til Romådalen som gjætargut og lærte denne vesle fjelldalen å kjenne ut og inn. Å du, for gilde somrar! Det var dagar i sol, og det var dagar i regn. Regnversdagane var det gildt å smette inn i ei markaløe. Der satt ein tørt, og der kunne ein finne på mangt. Vi var tre gutar som gjætte ilag. Vi hadde kvasse knivar, og vi skar bokstavane våre i stokk og vegg til vitnemål om at der hadde vi vore. Ein dag skar Per bokstavane J + S inn i ein stokk. Der stod dei og skein da Jon kom og fekk sjå dei. Han lukta lunta med ein gong: J var hans eigen bokstav, og S skore inn på den måten tydde berre ein ting: eit gjentenamn med S til forbokstav. Jon vart hakkande sint. Nokon gjentefut ville han ikkje ha ordet for å vera! Han ville ikkje ha bokstaven sin utskjemt av å stå i breidd med ein gjente-bokstav! Og Per fekk slik juling at han ynka seg og skreik som ei barselkjerring. Etterpå fekk eg smaka hardneven hans Jon, enda eg ikkje hadde hatt noko med dei to bokstavane å gjera. Tilslutt lova Jon høgt og dyrt at dersom vi drista oss til å misbruke bokstaven hans ein gong til, så skulle han slipe kniven sin og gjelde oss baa to! Morgonen etter kom




Sissel Sidserk på setra

Erling Haave

han med ei øks, og han drog beinast til løa og øksa vekk bokstavane berre så flisene fauk. Her skulle ikkje vera nokon flekk på hans gode gjætargut-namn og ditto rykte!

Svarten hadde eg høyrte tale om før eg kom til Romådalen, og eg undrast mykje på kva Svarten kunne vera for noko. Var det eit bergtroll eller var det noko anna stygt og farleg?

Frå setra var han godt synleg. Lengst inni dalen låg han og ruvde svart og skræmande og kunne vera kva som helst. Ein solskinsdag la vi iveg og skulle helse på ukjøet. Vi hadde med oss lange stavar, og knivane våre var nyslippede og kvasse. Korpen skreik oppi bratte hamrar og ville skræme oss heimatt, men vi tala høgt og karsleg og klemte på og gjekk. Vi kom nærare og nærare, og Svarten vart større og større — vart noko kolsvart og levande som kunne fyke beint på oss og trø oss ned i myra. Det prikka så rart i huden, og knea vart veike og maktlause, og det var ikkje pine å vera kar.



Seterslått

Herborg Engen

Jon nådde fram lenge før Per og meg.

— Det er ein stein! ropa han.

Eg fekk mest ikkje til å tru at det var sant. Men der låg Svarten og var ein hus-høg stein. Eg tok i Svarten med hendene, og Per spenna i han med skotåa og bad han røre på seg, men Svarten låg i ro og var stein.

Men sidan — i skoddever og mørke kveldar — kjente eg meg ikkje trygg, ikkje når eg fór åleine. Kanskje var Svarten ein stein om dagen, men om kvelden vart han omskapt til noko stort og ragget som lufsa og for over myrar og rabbar og trødde ihel alt som kom i hans veg. Slike kveldar var gjætarguten både trøyt og skræmd når han nådde heim til setra og sildropen.

Dagane flaug avstad, for Romådalen hadde så mykje å by ein frisk og levande gutunge: Det var elva, der auren beit kvikt i kveldinga. I hølane var det gildt å lauge seg, og enda gildare var det å vasse i elva med kleda på! Det var kliving i bratte lier der

